

Referat frå styremøte i Fusa hestesportlag 13.04.23

Tilstades: Kirsten Vik (på telefon), Lillian Stokholm, Malin Nordtveit, Sondre Romundset, Bente Dankertsen, Odd Gitle Aarra og Synne Stagrim Håve.

Sak nr	Kva	Ansvarleg
1	Arbeidsfordeling i styret: Malin vil gje seg som medlemsansvarleg. Ho kan sende ut faktura for medlemskap før ho sluttar. Elianna kan overta medlemsansvaret. Aktivitetsgruppa: skal ha ansvar for dei aktivitetane som ikkje har med stevne å gjera, samt bistå Stevnegruppa. Elianna og Therese er allereie medlemmar, Kirsten, Hanne Birgitte vert også foreslått som nye medlemmar. Kirsten tek med seg inn i gruppa spørsmål om ansvar for sosiale media. Viktig å lage ein standard på korleis vi skal bruke sosiale media. Kvens om skal nevnes og kva som skal legges ut osv. Ho har erfaring frå andre klubbar om at det er aktivitetsgruppene som har dette ansvaret. Stevnekomiteen: Odd Gitle, Anette Lone, Nina Reertsen Tholo, Therese Mikkelsen og Malin. Ragnhild Kyrkjebø vil også bli spurt om å vera med. Dugnadsgruppe: Odd Gitle, Sondre, Øystein Kasserer: Bente Referent: Synne Søkandsansvarleg og sponsoransvarleg: Synne Politiattest: Malin tek ansvar for å sikre at alle klubbtrenarar har dette, slik det er krav om. Sondre legg ut referata på heimesida vår og tek eventuelt ansvar for å lage ei ny og betre heimeside. Synne har ansvaret for å legge ut aktivitetar på Friskus.com.	
2	Dressurstevne: Kirsten tek dette med inn i aktivitetsgruppa og dei ser på om det er mogleg å få til eit dressurstevne til hausten.	Kirsten/ Aktivitetsgr
3	Sprangstevne i juni: Stevnegruppa er godt i gang og har kontroll så langt.	Stevnegruppa
4	Eventuelt: Bestemmer oss for å skifte kran i forrommet i første omgang, da den som er der no må stå på fullt for ikkje å sprute. Stramme opp luftegardane: Det er mykje stein i grunnen som gjera at det er vanskeleg å grave ned ting i luftegardane. Det er også viktig at ting kan flyttast når området skal nyttast som parkering. Vi skaffer i løpet av møtet to lastebildekk som kan brukes som fundament for to kraftigare stolpar. Desse er det også mogleg å flytte. Må også hindre at dei andre runde stolpane snurrer i vinden slik dei gjer i dag. Dette kan vi gjere	Sondre og Odd Gitle

	ved å prøve å skru på lekter for å !»bardunere dei». Det er i utgangspunktet oppstallørane i Stall ridehall som har ansvaret for å vedlikehalda lufttegardane, men ved større endringar bistår vi kvarandre. Vi skal gå gjennom leigekontrakta for Stall ridehall for å sjå på om vi bør ha med meir detaljerte retningslinjer der for å sikre god informasjon og forventningsavklaring på kva oppstallørane har ansvar for. Lilly tek ansvar for å skaffe kompakte dekk til trillebårene, da desse stadig har flate dekk. Det er sende ein e-post til klubbtrenarane for å få ei tilbakemelding på når det er klubbtreningar slik at dette kan oppdaterast og bli rett informasjon ut til medlemmane. Vi har ikkje fått svar på denne. Når ein hest forårsakar skade på materiell skal klubben dekke materiellet, eigaren skal ta ansvar for å organisere at arbeidet vert gjort. Inkasso og purringar: Vi lager ei prosedyre på dette, for å sikre at det ver gjort likt frå sak til sak.	Bente/Styret Lilly Bente purrer på dette Bente/ Styret
	Vi har møter den første torsdagen i månaden. Neste møte vert torsdag 04.05.23.	
	Referent: Synne	